

► Vurdering av resipient for utslipp frå gnr. 63 bnr. 47 og 15, Halsvika

1 Bakgrunn

Wergeland Eigedom As skal etablere nytt næringsbygg i Halsvika i Gulen kommune (gnr. 63 bnr. 47 og 15.) Avløp frå nytt næringsbygg skal koplatt til eksisterande avløpsanlegg på området. Eksisterande avløpsanlegg består av leidningsanlegg, oljeutskiljar, slamavskiljar, pumpestasjon og utslppsleidning.


Gulen kommune har tidlegare gjeve løyve til sanitærutslipp via slamavskiljar med utslipp til sjø. Jamfør vedtaket¹ skal det søkjast til Statsforvaltaren om utslipp av oljehaldig avløpsvatn frå landbasert industri.

I mars 2023² vart det søkt Statsforvaltaren om utslppsløyve frå oljeutskiljar. Av førebels tilbakemelding på søknaden går det fram at Statsforvaltaren ynskjer ytterlegare opplysingar for å handsama søknaden³. I dette notatet er det gjort ei vurdering av resipienten for utslippet.

2 Resipient

Resipient for utslippet er Fensfjorden. Fensfjorden er ein open og djup fjord utan ein definert terskel ved utløpet. Djupaste punkt i fjorden er om lag – 600 moh. Ved Håvarden (om lag 5 km frå planlagt tiltak er det ein terskel på – 364 moh). Det kan forventast gode straum- og utskiftingsforhold i fjorden heile året.

Vassførekomsten har ID 0261040101-11-C og er ein del av Ytre Sogn- og Nordhordland vassområde. Vassførekomsten er av type M2 – Moderat eksponert kyst⁴.



Figur 1: Avgrensing av vassførekomst 0261040101-11-C Fensfjorden er vist med blått. Plassering for utslipp frå Halsvika er vist med raud markering.

¹ Vedtak om løyve til utslipp av sanitært avløpsvatn frå gbnr. 63/15 og 63/46 Halsvik, Gulen kommune 16.03.2023

² Søknad om utslppstillatelse til sjø fra oljeutskiller, Helgesen Tekniske Bygg 20.03.2023

³ Foreløpig tilbakemelding på søknad om utslppstillatelse, Statsforvaltaren i Vestland 22.03.2023

⁴ Vann-nett.no

Det er utført fleire resipientundersøkelser i Fensfjorden. Jamfør Vann-nett har Fensfjorden god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand, etter tilstandsklassifisering i EU's vanddirektiv. Vurderingene baserer seg mellom anna på:

- Resipientundersøkelse utenfor Mongstadbase i Lindås kommune høsten 2009.
- Resipientundersøkelse Fensfjorden og Sløvåg 2015, Rådgivende biologer 2167
- Resipientundersøkelse ved Mongstad, 2016 – Fishguard/Uni Research

Den kjemiske tilstanden er registrert som dårleg, som ei følgje av funn av antracen, benzoperylen, PFOS, indenopyren og kvikksølv. For høge verdiar av overnemde kjem truleg frå historisk industriaktivitet.

3 Utsleppspunkt og interesser


Eksisterande utsleppsleidning er ført til om lag -15 moh ved Båneset utanfor Halsvika.

Koordinatar for utsleppspunkt

Øst-koordinat: 6750848.412 Nord-koordinat: 6750848.412


Figur 2 visar eksisterande utsleppsleidning (lys grøn), [utsleppspunkt](#) (raudt) samt kartlagde bunnkoter utanfor Båneset. Frå utsleppspunktet fell djupna jamt ned mot om lag - 550 moh. i Fensfjorden.

Vassutskiftinga ved utsleppspunktet vert vurdert som god ved utsleppspunktet.



Figur 2: Kartet visar eksisterande utsleppsleidning, utsleppspunkt og kartlagde djupnekoter utanfor Båneset.

Det er ikkje registrert fiskeinteresser ved eller i nærheita av utsleppet⁵. Figur 3 visar data som er registrert i Fiskeridirektoratets karttjeneste. Det er registrert naturtype «Større tareforekomster /Tareskog med kun stortare» aust for utsleppet, sjå område markert med brun skravur i Figur 3.



Figur 3: Data registret i Fiskeridirektoratets karttjeneste. (Kjelde: Fiskeridirektoratets karttjeneste)

4 Vurdering av utslepp frå nytt tiltak på gnr. 63 bnr. 47 og 15, Halsvika til Fensfjorden

Planlagt næringsbygg skal nyttast til vedlikehald, reingjering, lagring og reperasjon av moringsutstyr til offshorenæringa. Det er avløp frå grovspyling/skylling som vert ført via oljeutskiljar og vidare til utsleppspunktet vist i Figur 2. Dimensjonerande vassmengder er 4 l/s. Reinsing av utstyr skjer i lukka system.

Dimensjonerande størrelse på oljeutskiljaren er 8m³. Eksisterande oljeutskiljar på tomten er på 12 m³ og er ikkje i bruk i dag. Avløpet frå nytt næringsbygg skal førast til eksisterande anlegg.

Oljeutskiljaren skal driftast i henhold til søknad.

Planlagte tiltak for å avgrense skadeverknad:

- Sandfang
- Prøvetaking av avløpsvatnet etter utskiljar
- Alarm for måling av oljenivå i utskiljar.

E02	2023-07-06	For godkjenning hos myndighet	INVAT	ELDIG	
B01	2023-07-05	For informasjon/kommentar hos oppdragsgiver	INVAT		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

⁵ Fiskeridirektoratets karttjeneste